

### 3. Nærings- og sysselsetjingsstatistikk

#### 3.1. Nokre resultat

Frå 2009 har Statistisk sentralbyrå brukt den nye versjonen av Standard for næringsgruppering (SN2007) i næringsstatistikkane, deriblant kulturnæringane. For full oversikt over kva for næringer som er definerte som kulturnæringar, sjå avsnitt 3.3. Næringer som er definerte som kulturnæringar, er noko endra frå tidlegare år, men tala i tabellane for 2010 og 2011 kan sammanliknast.


38 000 kulturføretak

Per 1. januar 2011 var det 38 000 føretak blant kulturnæringane, slik det går fram av bestandstala frå Bedrifts- og føretaksregisteret i Statistisk sentralbyrå. Blant anna fanst det 1 370 føretak innan næringa trykking og reproduksjon av innspela opptak, 1 700 føretak i næringa forlagsverksemd, 3 000 føretak innan produksjon av film, video og fjernsynsprogram og 11 100 føretak i næringa kunstnarisk verksemd og underhaldningsverksemd.

Det vart etablert 8 700 nye føretak i kulturnæringane i 2011, ein auke på 7 prosent samanlikna med året før. Totalt vart det etablert 47 000 føretak i 2011 (SSB 2012a), 904 fleire nye føretak enn året før, det er ein auke på 2 prosent. Sidan fleire føretak også er blitt lagde ned, har totaltalet på kulturføretak auka med 1 500, eller 4 prosent, frå 2010 til 2011.

Størst vekst i talet på kulturføretak finn ein i næringane innanfor kunstnarisk verksemd og underhaldningsverksemd. Samanlikna med 2010 er det drygt 700 fleire føretak, eller 7 prosent, i denne næringa, til saman 11 100 ved utgangen av 2011. Talet på føretak innan trykking og reproduksjon av innspela opptak syner nedgang tredje året på rad. Frå 2010 til 2011 blei det 155 færre føretak. Sidan 2009 har nedgangen vore på 274 føretak. Sjå tabellane 3.1-3.4 og figur 3.1.

Figur 3.1. Talet på føretak i kulturnæringane<sup>1</sup>. 2008-2011



<sup>1</sup> Frå 2008 kulturnæringar etter SN2007, jf. definisjonar kap. 3.3. Sjå også tabellane 3.1 og 3.2. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.


Bedrifts- og føretaksregisteret gir òg tal for årgangspopulasjonen. Denne statistikken gir eit meir detaljert bilete av aktiviteten i føretaka enn bestandstala nemnde over, men er ikkje så oppdaterte som bestandstala, sjå kapittel 3.2.

Årgangspopulasjonen er oppdatert til og med 2009 og er dei sist publiserte tala. Årgangspopulasjonen blei for første gong publisert etter ny næringsstandard i 2008. Ein kan derfor samanlikne tala for 2009 med 2008.

*Færre sysselsette i trykking og reproduksjon av innspela opptak i 2009*

I næringer innanfor trykking og reproduksjon av innspela opptak var det 1 500 føretak og 7 500 sysselsette i 2009. Dette er om lag 130 færre føretak og 400 færre sysselsette i denne næringa i høve til 2008. Sysselsette per føretak var i gjennomsnitt fem, litt høgare gjennomsnitt per føretak enn i 2008. Føretaka i Nordland og Vestfold hadde flest sysselsette per føretak med høvesvis 8,3 og 8,1 sysselsette per føretak. Omsetnaden for denne næringa i 2009 var på 11,3 milliardar kroner, 9 prosent lågare omsetnad samanlikna med 2008. Omsetnad for 2009 tilsvarar 7,5 millionar kroner i snitt per føretak. Føretaka i Vestfold, Akershus og Rogaland hadde høgast omsetnad per føretak, med høvesvis 15, 11 og 10 millionar kroner per føretak. Sjå figur 3.2 og tabell 3.5 og 3.7.

**Figur 3.2. Sysselsetjing<sup>1</sup> per føretak, i trykking og reproduksjon av innspela opptak og forlagsverksemd, etter fylke. 2009**



<sup>1</sup> Gjennomsnittleg tal personar over året.  
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

*Fleire sysselsette i produksjon av film, video og fjernsynsprogram i 2009*


Det var totalt 2 600 føretak og 4 200 sysselsette i næringer innanfor produksjon av film, video og fjernsynsprogram i 2009. Desse tala representerer ein nedgang i talet på føretak, mens talet på sysselsette steig med om lag 150. Sysselsette per føretak var i gjennomsnitt 1,6 i 2009. Omsetnaden var på 7 milliardar kroner, i snitt 3 millionar kroner per føretak. Oslo dominerte i denne næringa i 2009 og hadde nesten halvparten av både alle sysselsette og alle føretaka og godt over halvparten

av omsetnaden. I gjennomsnitt hadde Oslo 1,9 sysselsette per føretak og ein omsetnad på 4,5 millionar kroner per føretak. Sjå tabellane 3.5 og 3.8.

*10 500 sysselsette i kunstnarisk verksemd og underhaldningsverksemd i 2009*

Næringa kunstnarisk verksemd og underhaldningsverksemd hadde óg ein auke i talet på sysselsette frå 2008 til 2009. I 2009 var det 10 500 sysselsette, ein auke på nær 7 prosent. Sjølv om sysselsetjingstalet gjekk opp, blei det over 400 færre føretak i 2009, i alt 8 400 føretak. Sysselsette per føretak var i gjennomsnitt 1,3 i 2009, mot 1,1 i 2008. Det var ikkje store skilnader mellom fylka, dei låg alle ein stad mellom 0,7 og 1,6 sysselsette per føretak. Omsetnaden for næringa i 2009 var på 6,6 milliardar kroner. Dette tilsvarar 786 000 kroner i snitt per føretak. Sjå tabellane 3.6 og 3.11, og figur 3.3.

**Figur 3.3. Sysselsetjing<sup>1</sup> per føretak i kunstnarisk verksemd og underhaldningsverksemd, etter fylke. 2009**



<sup>1</sup> Gjennomsnittleg tal personar over året.  
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

*Stabil sysselsetjing i drift av bibliotek, arkiv, museum og annan kulturverksemd*

Det var totalt 300 føretak og 3 500 sysselsette i næringa drift av bibliotek, arkiv, museum og anna kulturverksemd i 2009. Dette er om lag det same som i 2008. Sysselsette per føretak var i gjennomsnitt 11,4. Føretaka i Oslo og Hordaland hadde flest sysselsette per føretak, med høvesvis 18 og 17 sysselsette per føretak. Vest-Agder og Oslo hadde høgast omsetnad per føretak, med høvesvis 18 og 17 millionar kroner per føretak. Omsetnaden for næringa var på 2,9 milliardar kroner i 2009. Dette tilsvarar 9 millionar kroner i snitt per føretak. Sjå tabellane 3.6 og 3.11.


100 000 sysselsette i  
kulturnæringane

Det går fram av registerbasert sysselsetjingsstatistikk per 4. kvartal 2011 at det var nesten 2,6 millionar sysselsette i Noreg. For landet sett under eitt gjekk talet på sysselsette personar opp med 1,8 prosent frå 4. kvartal 2010 til 4. kvartal 2011. Rogaland og Akershus hadde den største auken, med respektive 3,5 og 3,0 prosent, mens auken var minst i Hedmark og Telemark, begge med 0,2 prosent (SSB 2012b).

Den registerbaserte sysselsetjingsstatistikken syner at kulturnæringane (SN2007) i alt hadde rundt 100 000 sysselsette per 4. kvartal 2011 eller 3,9 prosent av alle sysselsette i landet. Også for kulturnæringane ser det totalt ut til å vere ein auke i sysselsetjinga på 0,7 prosent. Tala for 2010 og 2011 kan samanliknast sjølv om populasjonen av kulturnæringar er noko endra frå tidlegare år. Det viser seg likevel at det er til dels store variasjonar dersom ein ser på dei ulike næringane. Rekna i prosent var auken størst for kulturnæringane innanfor næringa undervisning, med 4 prosent auke eller 210 fleire sysselsette.

Som nemnt over var det auke totalt for alle næringar i alle fylka. For kulturnæringane er biletet meir variert. Godt over halvparten av fylka hadde auke i sysselsetjinga, og sju fylke hadde nedgang i sysselsetjinga frå 4. kvartal 2010 til 4. kvartal 2011. Aust-Agder hadde størst prosentvis auke i sysselsetjinga, med 4,2 prosent, mens Hedmark hadde ein nedgang på 3,7 prosent. Sjå tabellane 3.13-3.16 og figur 3.4.

**Figur 3.4. Prosent endring i talet på sysselsette 15-74 år for "kulturnæringane", etter arbeidsstadsfylke. Fra 4. kvartal til 4. kvartal i 2009-2010 og 2010-2011**



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Viss ein ser på nokre av dei ulike næringane i dei ulike fylka, er biletet enda meir nyansert. Sjølv om næringa trykking og reproduksjon av innspela opptak syner nedgang i sysselsetjinga på landsbasis, syner tala likevel at fem fylke hadde auke i denne næringa. I næringa forlagsverksemd ser vi ein auke totalt på 1,4 prosent, eller 120 fleire sysselsette, sjølv om dei fleste fylka syner nedgang i sysselsetjinga i denne næringa. Noko av auken kom av at ein bedrift hadde endra næringskode i perioden. Sju fylke hadde auke, deriblant Oslo med 278 fleire sysselsette.


Verksemder innanfor næringa film, video og fjernsynsprogram og utgiving av musikk- og lydopptak hadde størst prosentvis auke i sysselsette frå 2009 til 2010. Også i 2011 auka sysselsetjinga i denne næringa med 4 prosent. Næringa kunstnarisk verksemd og underholdningsverksemd hadde ein svak nedgang i sysselsette på 1 prosent for heile landet. Totalt var det nær 13 000 sysselsette i denne næringa. Halvparten av fylka hadde auke i sysselsetjinga, størst prosentvis

auke finn ein i Buskerud, Nord-Trøndelag og Nordland med høvesvis 14, 12 og 11 prosent. Sjå tabellane 3.13-3.16.

#### Kjønnsfordeling i sysselsetjinga

Som nemnt over er det om lag 100 000 sysselsette i kulturnæringane i 2011. 47 800, eller 48 prosent, av desse er kvinner. Det er den same kvinnedelen som i 2010. Kjønnsfordelinga varierer i dei ulike næringane. I næringa trykking og reproduksjon av innspela opptak var til dømes kvinnedelen av dei sysselsette på 27 prosent per 4. kvartal 2011 (tabell 3.17), også om lag den same delen som året før. I fleire næringar er over halvparten av dei sysselsette kvinner, til dømes reklamebyrå, undervisning og drift av bibliotek, arkiv og museum. Sjå figur 3.5 og tabellane 3.17-3.20.

**Figur 3.5. Talet på sysselsette i kulturnæringane<sup>1</sup>, etter kjønn, 2011**



<sup>1</sup> Frå 2008 kulturnærigar etter SN2007, jf. Definisjonar kap. 3.3. Sjå også tabellane 3.17-3.20. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

#### Sysselsetjing etter innvandrarsbakgrunn

Tala for den registerbaserte sysselsetjingsstatistikken fordelte etter innvandringsbakgrunn, er oppdaterte etter ny næringsstandard (SN2007) for 2011.

Innvandrarsbakgrunn vil her seie ein person fødd i utlandet av utanlandsfødde foreldre (tidlegare også kalla førstegenerasjonsinnvandrar, sjå kapittel 3.3). I høve til 2010 inneheld tabellen færre næringar. Næring 90.02, 91.04 og 93.21 er ikkje lenger med i datagrunnlaget. Sjå tabell 3.21.

12 prosent av alle sysselsette var innvandrarar per 4. kvartal 2011, mot 11 prosent per 4. kvartal 2010. Prosentdelen for sysselsette innvandrarar totalt steig frå 61,6 til 62,8 prosent i 2011. Sysselsetjinga var uendrea, og låg på 69,1 prosent blant befolkninga totalt (SSB 2012c).


Samanlikna med heile befolkninga varierer representasjonen med ulik innvandrarsbakgrunn i dei ulike kulturnæringane. Tala for 2010 og 2011 er etter ny næringsgruppering, og ein reknar derfor at desse to åra kan samanliknast. Næringa radio- og fjernsynsringkasting har lågast del med innvandrarsbakgrunn av desse næringane, med 4,2 prosent, 0,3 prosentpoeng høgare enn i 2010.

Næringa sjølvstendig kunstnarisk verksemd har høgast del sysselsette som har innvandrarbakgrunn, drygt 10 prosent. Av alle sysselsette kvinner i denne næringa representerte innvandrar kvinnene 10,6 prosent. Av dei totalt 3 613 sysselsette i næringa drift av museum, var det 9,7 prosent sysselsette med innvandrarbakgrunn. Denne næringa hadde høgast del kvinner med innvandrarbakgrunn av alle kvinner, 11,2 prosent i 2011. Tilsvarande del i 2010 var 10 prosent. Sjå tabell 3.21.

*Satellittrekneskap for ideelle og frivillige organisasjonar*

Tabellane 3.22 og 3.23 syner tal frå satellittrekneskapen for ideelle og frivillige organisasjonar. Dei sist oppdaterte tala er frå 2009. Produksjonen (sum driftskostnader) inkludert verdien av ulønt arbeid i ideelle og frivillige organisasjonar var 135 milliardar kroner i 2009. Bruttoproduktet (verdiskapinga) inkludert verdien av ulønt arbeid representerer 98 milliardar kroner. Det er 4,6 milliardar kroner meir enn året før, og 16 milliardar kroner meir enn i 2006 (SSB 2012d). Kultur og fritid utgjer 39 prosent av verdiskapinga. Totalt tal på årsverk, både lønte og ulønte, var 194 700 årsverk i 2009. Kultur og fritid stod for 38 prosent av desse årsverka. Av årsverka innan kultur og fritid var 86 prosent ulønte årsverk.

**Figur 3.6. Verdiskaping inkludert berekna verdi for ulønt arbeid i ideelle og frivillige organisasjonar, etter aktivitet. 2009. Prosent**



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

### 3.2. Om statistikken

*Næringsgruppering – standardklassifikasjonar*

Statistisk sentralbyrå har teke i bruk ein ny versjon av Standard for næringsgruppering (SN2007) i alle næringsstatistikkar. Norsk standard for næringsgruppering (SN2007) byggjer på EUs tilsvarande standard (NACE Rev.2) som er regulert i ei eiga rådsforordning. I statistikkar frå og med 2008 er ny standard nytta.

Den nye standarden gir ei meir føremålstenleg oppdatert beskriving av aktivitetane i næringslivet og offentleg sektor med meir vekt på tenesteytande næringar. Hovudføremålet med standarden er å gi reglar og retningslinjer for næringsklassifisering og eintydige definisjonar av dei statistiske einingane. Standarden er først og fremst ein statistisk standard. Han dannar grunnlag for koding av einingar etter viktigaste aktivitet i Statistisk sentralbyrås bedrifts- og føretaksregister og for einingar i Einingsregisteret. Han er ein av dei viktigaste standardane i økonomisk statistikk og gjer det mogeleg å samanlikne og analysere statistiske opplysningar både nasjonalt, internasjonalt og over tid. Næringsgruppering blir også brukt i administrative rutinar. Standarden har ei hierarkisk inndeling på fem nivå.

- For å lette bruken av den nye standarden er det laga ein eigen del med forklarande tekstar til næringskodane og eit eige stikkordregister.
- Bestandstal og årgangspopulasjon*
- Bedrifts- og føretaksregisteret opererer med to ulike typar statistikkar.
- Bestandstala: Talet på føretak per 1. januar det gjeldande året. Desse tala er meir aktuelle enn årgangspopulasjonen, men inneheld ikkje så mykje detaljert informasjon.
  - Årgangspopulasjon: Talet på føretak som har hatt aktivitet i det gjeldande året. Tala er detaljerte, men kjem først nokre år etter det gjeldande året. Tabellane over årgangspopulasjonen (3.5-3.10) blei for første gong gitt med NACE etter den nye næringsstandarden for 2008-årgangen.

*Registerbasert sysselsetjingsstatistikk*

Den registerbaserte sysselsetjingsstatistikken er også koda etter den nye næringsstandarden, og yrke er koda etter Standard for yrkesklassifisering (NOS C521).

Fordeling på kommune/fylke følger kommunelista per 1. januar i produksjonsåret for statistikken. Føremålet med statistikken er å beskrive sysselsetjinga og næringsfordelinga på detaljert regionalt nivå.

Sysselsette er definerte som personar som har utført arbeid på minst ein time i referanseveka, eller som var mellombels fråverande frå slikt arbeid. Sysselsette omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald. Data for den registerbaserte sysselsetjingsstatistikken er basert på fleire ulike register.

### 3.3. Omgrep og definisjonar

*Kulturnæringane*

Definisjonen av kva for næringar som inngjekk som kulturnæringar, blei i 2006 utarbeidd i samarbeid med daverande Kultur- og kyrkjedepartementet med basis i kartlegging gjort av Østlandsforskning i 2004. Etter at ny standard blei teken i bruk, blei det i samarbeid med Kulturdepartementet gjort ein ny gjennomgang av kulturnæringane. Enkelte område i Standard for næringsgruppering (SN2007) blir her gitt på 4. og 5. siffer NACE for å kunne gi eit mest mogeleg riktig bilete. I enkelte av tabellane har vi av praktiske grunnar slått saman nokre undergrupper til eit høgare NACE-nivå.

I denne publikasjonen, Kulturstatistikk 2011, er det gjort ein vidare revisjon av kulturnæringane. Det er teke omsyn til rapport frå Menon Business Economics, Menon-publikasjon nr. 9/2011 «Kulturnæringenes betydning for norsk økonomi», og forslag frå Eurostat til rammeverk for kulturnæringar.

NACE-koder som går ut i forhold til tidlegare:

- 46.494 Engroshandel med sportsutstyr
- 46.495 Engroshandel med spel og leiker
- 47.641 Butikkhandel med sportsutstyr
- 47.65 Butikkhandel med spel og leiker
- 58.12 Utgiving av katalogar og adresselister
- 92.000 Lotteri og totalisatorspel
- 93.130 Treningssenter

Nye Nace-koder:

- 58.21 Utgiving av programvare for dataspel
- 73.11 Reklamebyrå
- 77.22 Utleige av videofilm, DVD og liknande
- 79.903 Opplevings- arrangements- og aktivitetsarrangørverksemd
- 85.510 Undervisning innan idrett og rekreasjon

Kulturnæringar i Kulturstatistikk 2011:

- 18 Trykking og reproduksjon av innspela opptak
- 18.11 Trykking av aviser

- 18.12 Trykking elles
- 18.13 Klargjering før trykking og publisering
- 18.14 Bokbinding og tenester i tilknytning til dette
- 18.20 Reproduksjon av innspela opptak
- 32 *Annan industriproduksjon*
  - 32.20 Produksjon av musikkinstrument
- 46 *Engroshandel*
  - 46.433 Engroshandel med plater, musikk- og videokassetar og CD- og DVD-plater
  - 46.491 Engroshandel med bøker, aviser og blad
- 47 *Detaljhandel*
  - 47.594 Butikkhandel med musikkinstrument og notar
  - 47.61 Butikkhandel med bøker
  - 47.62 Butikkhandel med aviser og papirvarer
  - 47.63 Butikkhandel med innspelningar av musikk og video
  - 47.915 Postordre-/internetthandel med bøker, papir, aviser og blad
- 58 *Forlagsverksemd*
  - 58.11 Utgiving av bøker
  - 58.13 Utgiving av aviser
  - 58.14 Utgiving av blad og tidsskrift
  - 58.19 Forlagsverksemd elles
  - 58.21 Utgiving av programvare for dataspel
- 59 *Film-, video- og fjernsynsprogramproduksjon, utgiving av musikk- og lydopptak*
  - 59.110 Produksjon av film, video og fjernsynsprogram
  - 59.120 Etterarbeid knytt til produksjon av film, video og fjernsynsprogram
  - 59.130 Distribusjon av film, video og fjernsynsprogram
  - 59.140 Filmframsyning
  - 59.20 Produksjon og utgiving av musikk- og lydopptak
- 60 *Radio- og fjernsynskringkasting*
  - 60.10 Radiokringkasting
  - 60.20 Fjernsynskringkasting
- 63 *Informasjonstenester*
  - 63.91 Nyheitsbyrå
- 71.11 *Arkitektverksemd*
  - 71.111 Plan- og reguleringsarbeid
  - 71.112 Arkitekttenester i samband med byggverk
  - 71.113 Landskapsarkitekttenester
- 73.11 Reklamebyrå
- 74 *Spesialisert designverksemd*
  - 74.101 Industridesign, produktdesign og anna teknisk designverksemd
  - 74.102 Grafisk og visuell kommunikasjonsdesign
  - 74.103 Interiørarkitekt-, interiørdesign- og interiørkonsulentverksemd
  - 74.200 Fotografverksemd
  - 74.300 Omsetjings- og tolkeverksemd
  - 74.903 Impresarioverksemd
- 77.22 Utleige av videofilm, DVD og liknande
- 79.903 Opplevings-, arrangements- og aktivitetsarrangørverksemd
- 85 *Undervisning*
  - 85.510 Undervisning innan idrett og rekreasjon
  - 85.521 Kommunal kulturskoleundervisning
  - 85.522 Undervisning i kunstoffag
  - 85.529 Anna undervisning innan kultur
- 90 *Kunstnarisk verksemd og underhaldningsverksemd*
  - 90.011 Utøvande kunstnarar og underhaldningsverksemd innan musikk
  - 90.012 Utøvande kunstnarar og underhaldningsverksemd innan scenekunst
  - 90.019 Utøvande kunstnarar og underhaldningsverksemd ikkje nemnd annan stad



- 90.02 Tenester i samband med underhaldningsverksemd
- 90.031 Sjølvstendig kunstnarisk verksemd innan visuell kunst
- 90.032 Sjølvstendig kunstnarisk verksemd innan musikk
- 90.033 Sjølvstendig kunstnarisk verksemd innan scenekunst
- 90.034 Sjølvstendig kunstnarisk verksemd innan litteratur
- 90.039 Sjølvstendig kunstnarisk verksemd ikkje nemnd annan stad
- 90.04 Drift av lokale i samband med kunstnarisk verksemd
- *91 Drift av bibliotek, arkiv, museum og anna kulturverksemd*
  - 91.011 Drift av folkebibliotek
  - 91.012 Drift av fag- og forskingsbibliotek
  - 91.013 Drift av arkiv
  - 91.021 Drift av kunst- og kunstindustrimuseum
  - 91.022 Drift av kulturhistoriske museum
  - 91.023 Drift av naturhistoriske museum
  - 91.029 Drift av museum ikkje nemnt annan stad
  - 91.030 Drift av historiske stader og bygningar og liknande attraksjonar
  - 91.040 Drift av botaniske og zoologiske hagar og naturreservat
- *93 Sports- og fritidsaktivitetar og drift av underhaldningsetablisement*
  - 93.110 Drift av idrettsanlegg
  - 93.120 Idrettslag og -klubbar
  - 93.190 Andre sportsaktivitetar
  - 93.210 Drift av moro- og temaparkar
  - 93.291 Opplevingsaktivitetar
  - 93.292 Fritidsetablisement
  - 93.299 Fritidsverksemd elles

*Innvandrarar* Som innvandrar reknar vi her ein person fødd i utlandet av utanlandsfødde foreldre (tidlegare også kalla førstegenerasjonsinnvandrar) og norskfødde med innvandrarforeldre (tidlegare omtala som etterkommarar) om ikkje anna er spesifisert. Innvandrarar frå landgruppe 1 kjem frå EU/EØS-land, USA, Canada, Australia og New Zealand. Innvandrarar frå landgruppe 2 kjem frå Asia med Tyrkia, Afrika, Latin-Amerika og Europa utanom EU/EØS. Desse gruppene fell nesten saman med den tidlegare grupperinga vestleg/ikkje vestleg, sett bort frå at EU-landa i Aust-Europa da var i kategorien ikkje-vestleg. Landa frå Oseania utanom Australia og New Zealand er nå i landgruppe 2. Statistikken gjeld berre dei som er registrerte som busette, det vil seie at dei etter folkeregisteret er venta å vere her i landet i minst seks månader. Når det gjeld sysselsetjinga blant utlendingar med kortare opphald her i landet, er det publisert tal for denne gruppa på [www.ssb.no/kortsys](http://www.ssb.no/kortsys).

*Satellitreknenskap for ideelle og frivillige organisasjonar* Den norske satellitreknenskapen for ideelle og frivillige organisasjonar er laga etter retningslinjer som er gitt i FN's «Handbook on Non-Profit Institutions in the System of National Accounts». Denne rekneskapen skal i teorien dekkje alle verksemdar som blir drivne utan vinningsføremål.

Satellitreknenskapen byggjer på tal og omgrep frå nasjonalrekneskapen, men er spesielt tilrettelagd for å klargjere verksemdar som blir drivne på ideell og frivillig basis. Etter retningslinjene i handboka er ein viktig faktor i satellitreknenskapen å dekkje både den lønte og ulønte (frivillige) arbeidsinnsatsen i desse organisasjonane. Det betyr at det berre er verdiskapinga til den betalte arbeidskrafta som direkte kan samanliknast med tala for nasjonalrekneskapen.

I satellitreknenskapen blir dei ideelle og frivillige organisasjonane grupperte etter ein spesiell aktivitetssinndeling – ICNPO (International Classification of Non-Profit Organizations), men det er samanheng mellom denne og standard for næringsinndeling i nasjonalrekneskapen.

I første omgang dekkjer satellitreknenskapen for ideelle og frivillige organisasjonar berre kostnadssida til organisasjonane. Etter kvart som ny statistikk blir tilgjenge-

leg, skal satellittrekneskapen utvidast til også å omfatte inntekter og blir dermed utvikla til eit fullstendig rekneskapsystem for den frivillige sektoren.

### **Referansar**

Menon Business Economics, Menon-publikasjon nr. 9/2011, «Kulturnæringsens betydning for norsk økonomi».

(SSB 2012a): Statistisk sentralbyrå (27. april 2012): «Svak auke i talet på nyetableringar». (<http://www.ssb.no/emner/10/01/foretak/arkiv/>)

(SSB 2012b): Statistisk sentralbyrå (8. juni 2012): «Fleire sysselsette i alle fylker». (<http://www.ssb.no/regsys>)

(SSB 2012c): Statistisk sentralbyrå (21. juni 2012): «Over 30 000 fleire innvandrere i arbeid». (<http://www.ssb.no/innvregsys>)

(SSB 2012d): Statistisk sentralbyrå (19. desember 2011): «Verdiskaping til nesten 100 milliardar». (<http://www.ssb.no/vis/emner/09/01/orgsat/main.html>)

### **Meir informasjon**

Temaside – arbeid: (<http://www.ssb.no/arbeid>)

Temaside – bedrift og føretak: (<http://www.ssb.no/naeringsliv>)

Temaside – innvandring: (<http://www.ssb.no/innvandring>)

Standard for næringsgruppering: (<http://www.ssb.no/emner/10/01/nace/sn2007>)

Tabell 3.1. Føretaksdemografi. Næringane 18, 32, 47, 58, 59, 60 og 63. 2008-2011. Bestandstal per 1. januar

	Føretak per 1. januar 2008	Føretak per 1. januar 2009	Føretak per 1. januar 2010	Føretak per 1. januar 2011
<b>18 Trykking og reproduksjon av innspela opptak</b>				
<b>I alt</b> .....	<b>1 488</b>	<b>1 647</b>	<b>1 528</b>	<b>1 373</b>
18.11 Trykking av aviser .....	54	58	55	49
18.12 Trykking elles .....	720	761	739	677
18.13 Klargjering før trykking og publisering .....	605	701	619	549
18.14 Bokbinding og tenester i tilknytning til dette .....	34	33	30	25
18.20 Reproduksjon av innspela opptak .....	75	94	85	73
<b>32 Annan industriproduksjon</b>				
<b>I alt</b> .....	<b>36</b>	<b>48</b>	<b>45</b>	<b>47</b>
32.20 Produksjon av musikkinstrument .....	36	48	45	47
<b>46 Agentur- og engroshandel, ikkje medrekna motorvogner</b>				
<b>I alt</b> .....	<b>135</b>	<b>142</b>	<b>129</b>	<b>120</b>
46.433 Engroshandel med plater, musikk- og videokassetar og CD- og DVD-plater .....	94	99	92	83
46.491 Engroshandel med bøker, aviser og blad .....	41	43	37	37
<b>47 Detaljhandel, ikkje medrekna motorvogner</b>				
<b>I alt</b> .....	<b>690</b>	<b>675</b>	<b>661</b>	<b>614</b>
47.594 Butikkhandel med musikkinstrument og notar .....	174	180	173	162
47.61 Butikkhandel med bøker .....	262	261	256	246
47.62 Butikkhandel med aviser og papirvarer .....	30	24	27	23
47.63 Butikkhandel med innspelingar av musikk og video .....	190	175	162	134
47.915 Postordre/internetthandel med bøker, papir, aviser og blad .....	34	35	43	49
<b>58 Forlagsverksemd</b>				
<b>I alt</b> .....	<b>1 557</b>	<b>1 719</b>	<b>1 648</b>	<b>1 661</b>
58.11 Utgiving av bøker .....	458	568	564	571
58.13 Utgiving av aviser .....	364	375	325	332
58.14 Utgiving av blad og tidsskrifter .....	379	390	394	387
58.19 Forlagsverksemd elles .....	356	386	365	356
58.21 Utgiving av programvare for dataspel .....	27	23	21	15
<b>59 Film-, video- og fjernsynsprogramproduksjon, utgiving av musikk- og lydopptak</b>				
<b>I alt</b> .....	<b>2 581</b>	<b>2 861</b>	<b>2 880</b>	<b>3 058</b>
59.11 Produksjon av film, video og fjernsynsprogram .....	1 724	1 885	1 896	2 033
59.12 Etterarbeid knytt til produksjon av film, video og fjernsynsprogram .....	260	243	226	223
59.13 Distribusjon av film, video og fjernsynsprogram .....	26	34	31	32
59.14 Filmframsyning .....	146	141	142	133
59.20 Produksjon og utgiving av musikk- og lydopptak .....	425	558	585	637
<b>60 Radio- og fjernsynskringkasting</b>				
<b>I alt</b> .....	<b>213</b>	<b>203</b>	<b>197</b>	<b>182</b>
60.10 Radiokringkasting .....	160	148	152	139
60.20 Fjernsynskringkasting .....	53	55	45	43
<b>63 Informasjonstenester</b>				
<b>I alt</b> .....	<b>203</b>	<b>179</b>	<b>168</b>	<b>142</b>
63.91 Nyheitsbyrå .....	203	179	168	142

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.2. Føretaksdemografi. Næringane 71, 73, 74, 77, 79, 85, 90, 91 og 93. 2008-2011. Bestandstal per 1. januar

	Føretak per 1. januar 2008	Føretak per 1. januar 2009	Føretak per 1. januar 2010	Føretak per 1. januar 2011
<b>71.11 Arkitektverksemd</b>				
<b>I alt</b> .....	<b>1 852</b>	<b>1 968</b>	<b>1 970</b>	<b>2 019</b>
71.111 Plan- og reguleringsarbeid .....	78	76	76	90
71.112 Arkitekttenester i samband med byggverk .....	1 671	1 754	1 749	1 786
71.113 Landskapsarkitekttenester .....	103	138	145	143
<b>73 Annonse- og reklameverksemd og marknadundersøkingar</b>				
<b>I alt</b> .....	<b>2 294</b>	<b>2 397</b>	<b>2 383</b>	<b>2 439</b>
73.11 Reklamebyrå .....	2 294	2 397	2 383	2 439
<b>74 Spesialisert designverksemd</b>				
<b>I alt</b> .....	<b>7 477</b>	<b>8 432</b>	<b>8 391</b>	<b>8 779</b>
74.101 Industridesign, produktdesign og anna teknisk designverksemd .....	523	723	873	924
74.102 Grafisk og visuell kommunikasjonsdesign .....	2 130	2 358	2 314	2 444
74.103 Interiørarkitekt-, interiørdesign- og interiørkonsulentverksemd .....	893	969	873	884
74.200 Fotografverksemd .....	2 290	2 570	2 616	2 791
74.300 Omsetjings- og tolkeverksemd .....	1 240	1 363	1 260	1 282
74.903 Impresarioverksemd .....	401	449	455	454
<b>77 Utleige og leasingverksemd</b>				
<b>I alt</b> .....	<b>76</b>	<b>68</b>	<b>65</b>	<b>60</b>
77.22 Utleige av videofilm, DVD og liknande .....	76	68	65	60
<b>79 Reisebyrå- og reisearrangørverksemd og tilhørende tenester</b>				
<b>I alt</b> .....	<b>716</b>	<b>406</b>	<b>479</b>	<b>514</b>
79.903 Impresarioverksemd .....	716	406	479	514
<b>85 Undervisning</b>				
<b>I alt</b> .....	<b>1 096</b>	<b>1 507</b>	<b>1 599</b>	<b>1 919</b>
85.510 Undervisning innan idrett og rekreasjon .....	808	1 046	1 116	1 355
85.521 Kommunal kulturskoleundervisning .....	3	6	5	5
85.522 Undervisning i kunsthøgskule .....	278	399	438	505
85.529 Annan undervisning innan kultur .....	7	56	40	54
<b>90 Kunstnarisk verksemd og underhaldningsverksemd</b>				
<b>I alt</b> .....	<b>7 437</b>	<b>9 369</b>	<b>10 401</b>	<b>11 133</b>
90.01 Kunstnarisk verksemd og underhaldningsverksemd .....	3 456	4 543	4 843	5 194
90.02 Tenester i samband med underhaldningsverksemd .....	704	1 153	1 251	1 367
90.03 Sjølvstendig skapande kunstnarisk verksemd .....	3 249	3 570	4 205	4 479
90.04 Drift av lokale i samband med kunstnarisk verksemd .....	28	103	102	93
<b>91 Drift av bibliotek, arkiv, museum og anna kulturverksemd</b>				
<b>I alt</b> .....	<b>316</b>	<b>310</b>	<b>304</b>	<b>276</b>
91.01 Drift av bibliotek og arkiv .....	16	18	15	14
91.02 Drift av museum .....	204	195	186	164
91.03 Drift av historiske stader og bygningar og liknande attraksjonar .....	78	76	80	71
91.04 Drift av botaniske og zoologiske hagar og naturreservat .....	18	21	23	27
<b>93 Sports- og fritidsaktivitetar og drift av underhaldningsetablisement</b>				
<b>I alt</b> .....	<b>3 274</b>	<b>3 286</b>	<b>3 646</b>	<b>3 703</b>
93.1 Sportsaktivitetar <sup>1</sup> .....	2 784	2 619	2 934	2 989
93.2 Fritidsaktivitetar og drift av underhaldningsaktivitetar .....	490	667	712	714

<sup>1</sup> Frå 2011 er ikkje 93.130 Treningssenter medrekna.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.3. Føretaksdemografi. Nyetableringar og nedleggingar. Næringane, 18, 32, 46, 47, 58, 59, 60 og 63. 2009-2011

	Føretak 1.1.2009	Nyetablerte føretak 2009	Nedlagde føretak 2009	Føretak 1.1.2010	Nyetablerte føretak 2010	Nedlagde føretak 2010	Føretak 1.1.2011	Nyetablerte føretak 2011
<b>18 Trykking og reproduksjon av innspela opptak</b>								
<b>I alt</b> .....	<b>1 647</b>	<b>45</b>	<b>197</b>	<b>1 528</b>	<b>39</b>	<b>189</b>	<b>1 373</b>	<b>22</b>
18.11 Trykking av aviser .....	58	2	5	55	1	6	49	1
18.12 Trykking elles .....	761	26	65	739	28	93	677	17
18.13 Klargjering før trykking og publisering .....	701	13	110	619	8	74	549	1
18.14 Bokbinding og tenester i tilknytning til dette .....	33	-	6	30	-	6	25	1
18.20 Reproduksjon av innspela opptak .....	94	4	11	85	2	10	73	2
<b>32 Annan industriproduksjon</b>								
<b>I alt</b> .....	<b>48</b>	<b>4</b>	<b>7</b>	<b>45</b>	<b>5</b>	<b>5</b>	<b>47</b>	<b>7</b>
32.20 Produksjon av musikkinstrument	48	4	7	45	5	5	47	7
<b>46 Agentur- og engroshandel, ikkje medrekna motorvogner</b>								
<b>I alt</b> .....	<b>142</b>	<b>9</b>	<b>22</b>	<b>129</b>	<b>9</b>	<b>27</b>	<b>120</b>	<b>1</b>
46.433 Engroshandel med plater, musikk- og videokassetar og CD- og DVD-plater .....	99	4	13	92	3	17	83	1
46.491 Engroshandel med bøker, aviser og blad .....	43	5	9	37	6	10	37	-
<b>47 Detaljhandel ikkje medrekna motorvogner</b>								
<b>I alt</b> .....	<b>675</b>	<b>33</b>	<b>49</b>	<b>661</b>	<b>38</b>	<b>78</b>	<b>614</b>	<b>28</b>
47.594 Butikkhandel med musikkinstrument og notar .....	180	6	14	173	8	18	162	2
47.61 Butikkhandel med bøker .....	261	7	12	256	5	14	246	7
47.62 Butikkhandel med aviser og papirvarer .....	24	3	1	27	-	4	23	1
47.63 Butikkhandel med innspelinger av musikk og video .....	175	5	18	162	6	28	134	6
47.915 Postordre/internetthandel med bøker, papir, aviser og blad .....	35	12	4	43	19	14	49	12
<b>58 Forlagsverksemd</b>								
<b>I alt</b> .....	<b>1 742</b>	<b>108</b>	<b>189</b>	<b>1 669</b>	<b>151</b>	<b>194</b>	<b>1 661</b>	<b>119</b>
58.11 Utgiving av bøker .....	568	54	69	564	75	84	571	56
58.13 Utgiving av aviser .....	375	12	27	325	21	20	332	11
58.14 Utgiving av blad og tidsskrifter .	390	27	52	394	31	49	387	19
58.19 Forlagsverksemd elles .....	386	14	39	365	22	34	356	30
58.21 Utgiving av programvare for dataspel .....	23	1	2	21	2	7	15	3
<b>59 Film-, video- og fjernsynsprogramproduksjon, utgiving av musikk- og lydopptak</b>								
<b>I alt</b> .....	<b>2 861</b>	<b>528</b>	<b>468</b>	<b>2 880</b>	<b>613</b>	<b>560</b>	<b>3 058</b>	<b>597</b>
59.11 Produksjon av film, video og fjernsynsprogram .....	1 885	346	312	1 896	401	360	2 033	425
59.12 Etterarbeid knytt til produksjon av film, video og fjernsynsprogram .....	243	33	46	226	44	48	223	33
59.13 Distribusjon av film, video og fjernsynsprogram .....	34	6	6	31	8	6	32	7
59.14 Filmframvising .....	141	2	6	142	-	8	133	7
59.20 Produksjon og utgiving av musikk- og lydopptak .....	558	141	98	585	160	138	637	125
<b>60 Radio- og fjernsynskringkasting</b>								
<b>I alt</b> .....	<b>203</b>	<b>11</b>	<b>30</b>	<b>197</b>	<b>11</b>	<b>35</b>	<b>182</b>	<b>13</b>
60.10 Radiokringkasting .....	148	10	15	152	10	26	139	9
60.20 Fjernsynskringkasting .....	55	1	15	45	1	9	43	4
<b>63 Informasjonstenester</b>								
<b>I alt</b> .....	<b>179</b>	<b>29</b>	<b>52</b>	<b>168</b>	<b>4</b>	<b>44</b>	<b>142</b>	<b>5</b>
63.91 Nyheitsbyrå .....	179	29	52	168	4	44	142	5

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.4. Føretaksdemografi. Nyetableringar og nedleggingar. Næringane 71, 73, 74, 77, 79, 85, 90, 91 og 93. 2009-2011

	Føretak 1.1.2009	Ny- etablerte føretak 2009	Nedlagde føretak 2009	Føretak 1.1.2010	Ny- etablerte føretak 2010	Nedlagde føretak 2010	Føretak1. 1.2011	Ny- etablerte føretak 2011
<b>71.11 Arkitektverksemd</b>								
<b>I alt</b> .....	<b>1 968</b>	<b>203</b>	<b>255</b>	<b>1 970</b>	<b>236</b>	<b>248</b>	<b>2 019</b>	<b>229</b>
71.111 Plan- og reguleringsarbeid .....	76	6	8	76	14	8	90	13
71.112 Arkitekttenester i samband med byggverk .....	1 754	166	218	1 749	197	211	1 786	194
71.113 Landskapsarkitekttenester .....	138	31	29	145	25	29	143	22
<b>73 Annonse- og reklameverksemd og marknadsundersøkingar</b>								
<b>I alt</b> .....	<b>2 397</b>	<b>406</b>	<b>488</b>	<b>2 383</b>	<b>432</b>	<b>449</b>	<b>2 439</b>	<b>470</b>
73.11 Reklamebyrå .....	2 397	406	488	2 383	432	449	2 439	470
<b>74 Spesialisert designverksemd</b>								
<b>I alt</b> .....	<b>8 432</b>	<b>1 855</b>	<b>1 642</b>	<b>8 391</b>	<b>2 061</b>	<b>1 981</b>	<b>8 779</b>	<b>2 204</b>
74.101 Industridesign, produktdesign og anna teknisk designverksemd .....	723	335	143	873	319	280	924	325
74.102 Grafisk og visuell kommunikasjonsdesign .....	2 358	468	452	2 314	549	540	2 444	591
74.103 Interiørarkitekt-, interiørdesign- og interiørkonsulentverksemd .....	969	154	206	873	186	205	884	162
74.200 Fotografverksemd .....	2 570	582	540	2 616	664	582	2 791	753
74.300 Omsetjings- og tolkeverksemd .....	1 363	214	214	1 260	239	260	1 282	253
74.903 Impresarioverksemd .....	449	102	87	455	104	114	454	120
<b>77 Utleige og leasingverksemd</b>								
<b>I alt</b> .....	<b>68</b>	<b>3</b>	<b>10</b>	<b>65</b>	<b>4</b>	<b>8</b>	<b>60</b>	<b>-</b>
77.22 Utleige av videofilm, DVD og liknande .	68	3	10	65	4	8	60	-
<b>79 Reisebyrå- og reisearrangørverksemd og tilhørende tenester</b>								
<b>I alt</b> .....	<b>406</b>	<b>132</b>	<b>63</b>	<b>479</b>	<b>146</b>	<b>101</b>	<b>514</b>	<b>118</b>
79.903 Opplevings-, arrangements- og aktivitetsarrangørverksemd .....	406	132	63	479	146	101	514	118
<b>85 Undervisning</b>								
<b>I alt</b> .....	<b>1 507</b>	<b>687</b>	<b>562</b>	<b>1 599</b>	<b>841</b>	<b>497</b>	<b>1 919</b>	<b>1 048</b>
85.510 Undervisning innan idrett og rekreasjon .....	1 046	459	386	1 116	581	328	1 355	745
85.521 Kommunal kulturskoleundervisning ....	6	2	2	5	-	-	5	-
85.522 Undervisning i kunstfag .....	399	206	143	438	233	157	505	279
85.529 Annan undervisning innan kultur .....	56	20	31	40	27	12	54	24
<b>90 Kunstnarisk verksemd og underholdningsverksemd</b>								
<b>I alt</b> .....	<b>9 369</b>	<b>3 009</b>	<b>2 228</b>	<b>10 401</b>	<b>3 237</b>	<b>2 197</b>	<b>11 133</b>	<b>3 578</b>
90.01 Kunstnarisk verksemd og underholdningsverksemd .....	4 543	1 250	890	4 843	1 346	899	5 194	1 654
90.02 Tenester i samband med underholdningsverksemd .....	1 153	350	259	1 251	399	244	1 367	473
90.03 Sjølvstendig skapande kunstnarisk verksemd .....	3 570	1 375	1 055	4 205	1 478	1 028	4 479	1 442
90.04 Drift av lokale i samband med kunstnarisk verksemd .....	103	34	24	102	14	26	93	9
<b>91 Drift av bibliotek, arkiv, museum og anna kulturverksemd</b>								
<b>I alt</b> .....	<b>310</b>	<b>13</b>	<b>25</b>	<b>304</b>	<b>10</b>	<b>18</b>	<b>276</b>	<b>11</b>
91.01 Drift av bibliotek og arkiv .....	18	1	3	15	2	2	14	1
91.02 Drift av museum .....	195	3	14	186	5	7	164	7
91.03 Drift av historiske stader og bygningar og liknande attraksjonar .....	76	7	6	80	1	7	71	-
91.04 Drift av botaniske og zoologiske hagar og naturreservat .....	21	2	2	23	2	2	27	3
<b>93 Sports- og fritidsaktivitetar og drift av underholdningsetablisement</b>								
<b>I alt</b> .....	<b>3 286</b>	<b>257</b>	<b>272</b>	<b>3 646</b>	<b>276</b>	<b>256</b>	<b>3 703</b>	<b>292</b>
93.1 Sportsaktivitetar <sup>1</sup> .....	2 619	162	187	2 934	170	169	2 989	205
93.2 Fritidsaktivitetar og drift av underholdningsaktivitetar .....	667	95	85	712	106	87	714	87

<sup>1</sup> Frå 2011 er ikkje 93.130 Treningssenter medrekna.  
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.5. Føretak, sysselsetjing og omsetnad. Næringane 18, 32, 46, 47, 58, 59, 60 og 63. 2008-2009

	2008			2009		
	Føretak i alt	Sysselsetjing	Omsetnad 1 000 kr	Føretak i alt	Sysselsetjing	Omsetnad 1 000 kr
<b>18 Trykking og reproduksjon av innspela opptak</b>						
<b>I alt</b> .....	<b>1 654</b>	<b>7 985</b>	<b>12 490 471</b>	<b>1 520</b>	<b>7 546</b>	<b>11 334 883</b>
18.11 Trykking av aviser .....	53	1 466	3 260 371	52	1 302	2 883 652
18.12 Trykking elles .....	760	4 687	6 942 773	728	4 524	6 569 805
18.13 Klargjering før trykking og publisering	715	1 309	1 915 838	627	1 261	1 582 809
18.14 Bokbinding og tenester i tilknytning til dette .....	35	426	309 354	32	382	252 268
18.20 Reproduksjon av innspela opptak .....	91	97	62 135	81	77	46 349
<b>32 Annan industriproduksjon</b>						
<b>I alt</b> .....	<b>48</b>	<b>49</b>	<b>28 671</b>	<b>45</b>	<b>51</b>	<b>28 168</b>
32.20 Produksjon av musikkinstrument .....	48	49	28 671	45	51	28 168
<b>46 Agentur- og engroshandel, ikkje medrekna motorvogner</b>						
<b>I alt</b> .....	<b>140</b>	<b>627</b>	<b>3 630 125</b>	<b>127</b>	<b>610</b>	<b>3 446 642</b>
46.433 Engroshandel med plater, musikk- og videokassetar og CD- og DVD-plater	98	454	2 547 565	92	453	2 266 686
46.491 Engroshandel med bøker, aviser og blad .....	42	173	1 082 560	35	157	1 179 956
<b>47 Detaljhandel ikkje medrekna motorvogner</b>						
<b>I alt</b> .....	<b>672</b>	<b>5 566</b>	<b>7 926 636</b>	<b>648</b>	<b>5 350</b>	<b>7 557 170</b>
47.594 Butikkhandel med musikkinstrument og notar .....	176	426	678 885	175	436	693 562
47.61 Butikkhandel med bøker .....	262	3 837	4 989 168	252	3 747	4 795 596
47.62 Butikkhandel med aviser og papirvarer .....	26	38	29 064	25	38	29 961
47.63 Butikkhandel med innspelningar av musikk og video .....	174	1 005	1 443 885	162	898	1 318 772
47.915 Postordre/internetthandel med bøker, papir, aviser og blad .....	34	260	785 634	34	231	719 279
<b>58 Forlagsverksemd</b>						
<b>I alt</b> .....	<b>1 668</b>	<b>16 567</b>	<b>29 049 309</b>	<b>1 607</b>	<b>15 516</b>	<b>27 119 042</b>
58.11 Utgiving av bøker .....	550	2 073	4 391 261	536	1 969	4 277 989
58.13 Utgiving av aviser .....	328	9 860	15 776 549	313	9 205	14 548 268
58.14 Utgiving av blad og tidsskrifter .....	393	3 650	7 681 282	378	3 391	7 173 737
58.19 Forlagsverksemd elles .....	376	732	1 007 913	358	706	950 223
58.21 Utgiving av programvare for dataspel .	21	252	192 304	22	245	168 825
<b>59 Film-, video- og fjernsynsprogramproduksjon, utgiving av musikk- og lydopptak</b>						
<b>I alt</b> .....	<b>2 692</b>	<b>4 082</b>	<b>7 219 614</b>	<b>2 626</b>	<b>4 220</b>	<b>7 304 721</b>
59.11 Produksjon av film, video og fjernsynsprogram .....	1 757	1 871	2 907 447	1 740	1 948	2 849 087
59.12 Etterarbeid knytt til produksjon av film, video og fjernsynsprogram .....	239	303	273 125	215	266	244 453
59.13 Distribusjon av film, video og fjernsynsprogram .....	29	167	1 980 845	27	220	1 963 489
59.14 Filmframvising .....	141	1 276	1 095 915	142	1 315	1 249 502
59.20 Produksjon og utgiving av musikk- og lydopptak .....	526	465	962 282	502	471	998 190
<b>60 Radio- og fjernsynskringkasting</b>						
<b>I alt</b> .....	<b>191</b>	<b>5 926</b>	<b>9 272 425</b>	<b>185</b>	<b>5 824</b>	<b>8 879 767</b>
60.10 Radiokringkasting .....	141	530	718 439	138	486	666 170
60.20 Fjernsynskringkasting .....	50	5 396	8 553 986	47	5 338	8 213 597
<b>63 Informasjonstenester</b>						
<b>I alt</b> .....	<b>177</b>	<b>413</b>	<b>695 630</b>	<b>150</b>	<b>434</b>	<b>745 162</b>
63.91 Nyheitsbyrå .....	177	413	695 630	150	434	745 162

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 3.6. Føretak, sysselsetjing og omsetnad. Næringane 71, 73, 74, 77, 79, 85, 90, 91 og 93. 2008-2009

	2008			2009		
	Føretak i alt	Sysselsetjing	Omsetnad	Føretak i alt	Sysselsetjing	Omsetnad
			1 000 kr			1 000 kr
<b>71.11 Arkitektverksemd</b>						
<b>I alt</b> .....	<b>1 884</b>	<b>5 553</b>	<b>5 770 230</b>	<b>1 895</b>	<b>5 376</b>	<b>5 110 185</b>
71.111 Plan- og reguleringsarbeid .....	71	132	135 635	78	141	133 369
71.112 Arkitekttenester i samband med bygverk .....	1 701	5 186	5 413 509	1 687	4 989	4 762 206
71.113 Landskapsarkitekttenester .....	112	235	221 086	130	246	214 610
<b>73.11 Reklamebyrå</b>						
<b>I alt</b> .....	<b>2 212</b>	<b>5 494</b>	<b>7 465 851</b>	<b>2 171</b>	<b>5 157</b>	<b>6 526 584</b>
<b>74 Spesialisert designverksemd</b>						
<b>I alt</b> .....	<b>7 706</b>	<b>6 816</b>	<b>6 501 661</b>	<b>7 293</b>	<b>6 674</b>	<b>6 248 683</b>
74.101 Industridesign, produktdesign og anna teknisk designverksemd .....	582	568	516 711	625	570	529 239
74.102 Grafisk og visuell kommunikasjonsdesign .....	2 178	1 825	1 568 778	2 086	1 849	1 559 655
74.103 Interiørarkitekt-, interiørdesign- og interiørkonsulentverksemd .....	889	872	745 488	814	779	603 454
74.200 Fotografverksemd .....	2 343	2 053	1 611 488	2 224	2 008	1 498 416
74.300 Omsetjings- og tolkeverksemd .....	1 287	1 014	718 510	1 144	989	699 353
74.903 Impresarioverksemd .....	427	484	1 340 686	400	479	1 358 566
<b>77 Utleige og leasingverksemd</b>						
<b>I alt</b> .....	<b>69</b>	<b>697</b>	<b>398 732</b>	<b>67</b>	<b>604</b>	<b>352 875</b>
77.22 Utleige av videofilm, DVD og liknande ..	69	697	398 732	67	604	352 875
<b>79 Reisebyrå- og reisearrangørverksemd og tilhørande tenester</b>						
<b>I alt</b> .....	<b>290</b>	<b>449</b>	<b>983 616</b>	<b>367</b>	<b>484</b>	<b>1 001 424</b>
79.903 Opplevings-, arrangements- og aktivitetsarrangørverksemd .....	290	449	983 616	367	484	1 001 424
<b>85 Undervisning</b>						
<b>I alt</b> .....	<b>979</b>	<b>1 296</b>	<b>129 685</b>	<b>620</b>	<b>1 251</b>	<b>:</b>
